

ÅRSMELDING



**TIME SOKNERÅD
2008**

ÅRSRAPPORT TIME SOKNERÅD 2008.

Time sokneråd har hatt 9 møter og behandla 34 saker i 2008.

Arbeidet og aktivitetane er mykje dei same som tidlegare år, men siste halvåret prøvde me noko nytt. Soknerådet er spesielt opptekne av å få fleire unge til å verta glade i gudstenesta. Derfor vart det arrangert 2 familiegudstenester søndag ettermiddag kl. 17.00, der Gunnar Frøyland fekk god kontakt med ca. 30 born og foreldre (besteforeldre) rundt altarringen. Etterpå var det mat, kaffi og saft på kyrkjetorget. Me ser med spaning på framtida for desse samlingane som også skal fortsetja i 2009.

6. november hadde me ei fin samling i Undheim kapell der me hadde fått Ole Magnus Olafsrud med å snakka ut frå temaet: "Gud kan bruka deg der du er". Ca 100 personar frå heile Time var samla til ein lærerik og inspirerande kveld frå kl. 19.00 til 22.00. Det var innlagd pauser til samtalar i grupper og elles kaffi og mat. Saksofongruppa på Undheim gledde oss med fin musikk.

23. november hadde jubileumskomiteen den årlege kulturkvelden. Tobias Skretting hadde eit interessant kåseri om arbeidet med "Korn", som var temaet. Det var frisk song av mannskoret "Frimenn". I matpausen var det sal av bilete laga av Herborg Kverneland. Ingrid Vinningland hadde vove 2 sett av kvart av dei 3 vovne bileta der motiva var: "Rosa", "Lilja" og "Korn". Eine settet var tenkt å hengjast opp på kyrkjetorget og det andre var til sal for kr.5000,00 pr. stk. Det var ein vellukka kveld der 200 personar hadde møtt fram og me fekk inn kr.35.656.-

Kyrkjetorget er mykje brukt og me vert meir og meir glade for å ha dette tilbygget. På veggene har me hengt opp desse 3 vovne bileta, orgelpiper frå det gamle orgelet frå 1932 og eit teppe vove og gitt av avdøde Rakel Haarr Time. Har og fått ny kjøkkenbenk med innebygd 2 kjøleskap og elles ein liten komfyr.

Det vanlege gudstenestelivet går som normalt både i Time og på Lye forsamlingshus. Dei mange som møter fram viser at gudstenesta betyr mykje for dei år etter år. I Time kyrkja kan me nemna høgtidsdagane jul, påske og familiegudstenestene som spesielt gode. All den fine musikken og songen set ekstra preg på desse dagane.

Trusopplærina er ein viktig del av arbeidet i kyrkjelyden og det vert nedlagd mykje godt arbeid her. Natt til 1. søndag i advent var det overnatting i Time kyrkja for juniorkonfirmantane.

Fortsatt er det godt med pengar i kyrkjelydskassen.

Anne Sofie Haarr var i teneste ut januar 2009. Ho har då vori ein god prost for oss i 11 år. Heilt i slutten av året fekk me høyra at misjonskonsulent i Stavanger bispedomme, Kjell Børge Tjemsland, var tilsett som ny prost på Jæren. Han skal innsetjast i Time kyrkja 24. mai.

Ragnhild Dyngeland slutta som klokkar 1. juli. Resten av året har klokkarstillinga vorti utført av frivillige. Me er glade for å ha tilsett Sofie Braut i stillinga frå 1. januar 2009.

Takk til alle som har vori med i arbeidet også i år.

Til slutt nokre ord av Ole Magnus Olafsrud: Inn i ordet og fellesskapet – ut blant folket.

Amund Undheim.

Trusopplæringa i Time – Årsmelding 2008

Visjon

Ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leve livet i tru, håp og kjærleik.

Mål

Gje alle barn og unge

- systematisk og samanhengjande trusopplæring
- trygg barnetru med rom for undring og vekst.
- kristen identitet og tilhøring i kyrkjelyden.

Tidsavgrensa fasetiltak for 2-, 4-, 6-, 8- og 10-åringar utgjer ei viktig grunnstamme i trusopplæringsarbeidet for barn. Nytt av året var 3 spennande samlingar for 3.klassingar med tema Kristi Himmelfart, pinse og misjonsbodet. I 2008 harvi hatt følgjande samlingar i dei ulike fasane:

	Bryne	Time	Undheim
2 år	Undretur i kyrkja. Utsending av CD til alle (12 av 109 møtte)	Undertur i kyrkja. Utsending av CD til alle (12 av 41 møtte)	Haustattkegudsteneste. Udeling av CD (8 av 9 møtte)
4 år	Barnebibel. Adventssamling: 31 av 117	Barnebibel Adventsklubb – Lye: 10 Adv.kl. – Hognest/Vestly: 6 Totalt 16 av 43	Barnebibel Adventsklubb: 6 av 10
1.kl.	Dåpsskule: Bryne: 27 Rosseland: 38 65 av 104 totalt	Dåpsskule: Lye/ Vestly: 19 av 42 (Hognest. *)	Dåpsskule (16 av 20)
3.kl.	Størst av alt for 3.kl. Siste samling i lag med speidarar i Sandtangen 26 av 106	Størst av alt for 3.kl. V/H/L i lag: 13 av 47 (V: 3, H: 5, L: 5)	Størst av alt for 3.kl 13 av 18
5.kl	Størst av alt/ juniorkonf. "Lys vaken" Julespel på gudsteneste.	Størst av alt/ juniorkonf. "Lys vaken" i lag med Undh. Julespel i lag med sønd.skule, korps, to kor	Størst av alt/ juniorkonf. "Lys vaken" i lag med Time. Deltok på gudsteneste

*) Hognestad skulekrins har dåpsskule for 5- og 6-åringane anna kvart skuleår.

1.klassingane i 2008 gjekk i dåpsskule i 2007.

***) Nasjonal adventsfeiring med overnatting i kyrkja.

Vi jobbar for å komplettere med eit opplegg for 7.klassingar. Konfirmasjon er sjølvstendig viktig del av det samla trusopplæringstilbodet. Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet og fellesskap, og gjev rom for utvikling av eigen tru. Vi trur det er viktig å balansere kontinuerleg arbeid med rom for vekst og utvikling med satsinga på fasetiltaka. Vi ser behov for å tenkje nytt også kring trusopplæring for alle døypte i ungdomsfasane.

Generelt ser vi at det er enklare å mobilisere i dei små skulekrinsane enn dei store. Unntaket er dåpsskulen, der Rosseland skulekrins har veldig bra oppmøte. Der har vi køyrt to skuleklassar dei siste åra. Fordi det er vanskeleg å mobilisere frivillige på dagtid, vil vi prøve ut ein annan modell for dåpsskulen på Bryne våren 2009.

Læreplan: I 2008 har vi fått ferdig læreplan for trusopplæringa. Denne inneheld eit måldokument og ein oversikt over læringsstoffet vi vektlegg i fasane. Måldokumentet skal vere ei rettesnor å styre etter. Alle tre sokneråda vedtok måldokumentet i jan. 2009.

Dette året har vi elles jobba med:

- 0-4 år: Babysong på Lye i kjellaren på Lyefjell barnehage. Samarbeid med den opne barnehagen.
- Lysarrangement "Lys opp" på Bryne torg i samarbeid med frivillig barnearbeid og kommunen.
- Undheim: Ukuf/ U21gudstenester. Huskyrkjer.
- Lye: Itte skuleti', Himmelskulen (våren), Fredagskvelden. Tenestegrupper for ungdom.
- Ruste og styrke søndagsskulane, primært i Bryne krk. og Lye forsamlingshus.
- Open familie: Ope, diakonalt breiddetiltak på Rosseland

Parallelt med trusopplæringa satsar vi på å vidareutvikle det gode kyrkje-skulesamarbeidet. Har i 2008 hatt "Vandring gjennom Bibelen"- kurs i 4./ 5.klassane.

Økonomi: For første gong gjekk vi i underskott i 2008. Vi har lagt opp eit stramt budsjett for 2009. Sokneråda har vedteke å gje ei ofring til trusopplæringa i 2009.

Tilsette: Prosjektet har til saman 1,6 stillingar pr 31/12 2008:

30% medarbeidar på Bryne: Jorunn Pettersen
20% kyrkjelydsprest på Undheim: Per Børge Hillestad
20% ungdomsprest på Lye: Ole Tørring
20% kantor, Bryne ++: Per Olav Egeland
70% prosjektleiar: Jorunn Ueland.

Viser elles til ein omfattande rapport som er å lese på www.storstavalt.no etter 1.mars.



Årsmelding 2008, Time diakoniutval

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakon og diakoniutval saman med andre frivillige medarbeidarar er involvert.

Time diakoniutval:

- Time Diakoniutval har i 2008 bestått av: Brynhild Stokka Andersen (formann og soknerådsrepresentant), Marit Hallaråker Fotland, Venke Garpestad, Aslaug Tveit Berge, Taletta Vestly og Marit Høie Hetland (diakon og sekretær). Utvalet har hatt 4 møter og behandla 24 saker.

Ny diakoniplan

- 1. januar i år innførte Kyrkerådet ein ny diakoniplan for Den norske kyrkja. 30. september var det ein kveld på Lye Forsamlingshus der den nye planen skulle innførast i Time. Denne kvelden var felles for heile prestegjeldet. Det har i etterkant blitt arbeidd med ein ny lokal plan for diakoni for Time sokn. Denne lokale planen skal bli vedteke våren 2009.

Sorgarbeid


- Minnegudsteneste: Sondag 13. januar var det minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av Time diakoniutval. Mange pårørende hadde kome til kyrkja for å minnst dei som hadde døydd i året 2007. Alle festarar og/eller næraste pårørende dette året i kvar familie får brev med invitasjon til familie og vener. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Songgruppa Shalom deltok, alle namna blei lest opp og det blei tent lys. Gunn Karin Røsand var med som frivilleg medhjelpar. Kyrkja var full.
- Open kyrkje / Tenn eit lys for den du var glad i: Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval ope i tilbygget i Time kyrkje. Her kunne folk koma for å få kaffi og kaker og varme seg når dei besøkte gravene. Det var tilbod om samtale og høve til å tenne lys. Inne i kyrkjesalen hadde vi ein time med orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Leif Andenes. Ca 40 personar kom, 24 av desse lytta til programmet i kyrkjesalen.
- Sorggrupper og kontakt med etterlatne: Diakonen tar kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet. Det blir arrangert sorggrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. I år har det vore ei sorggruppe med leiarar ifrå Time. Elles har det vore mange deltakarar frå Time i sorggrupper andre stader. Disponible gruppeleiarar i Time er Kirsten Jæger Fjetland, Berit Bromann Foss, Ingunn Garpestad Moi og Gunn Karin Røsand. Alle gruppeleiarane har gått på eit sorggruppeleiar kurs som gjekk over tre kveldar. Det har vore ei lokal samling for leiarane i Time. Det blei også saman med Jæren og Sandnes prosti arrangert to felles temakveldar om sorg, ein 26. februar i Bryne kyrkje og ein 18. september i Sørnes kirke på Sola.

Arbeid for eldre

- Runde tal: Medlemmane av diakoniutvalet har saman med diakonen gått på besøk med ei bokhelsing til 7 eldre som fyller 80 og 90 år. Representantar frå Klepp har gått til dei som bur på Frøyland
- Vårfest for alle over 60: Sondag 20. april arrangerte Time diakoniutval årets vårfest på Undheim Kapell. Det var ein vellukka fest. Programmet bestod av andakt og temainnslag ved Geir Myklebust frå Sjømannsmisjonen. Musikk og song av Anne-sofie og Per Haarr, samt kulturskuleelevar. Mange frivillege var med og laga i stand festen og laga maten. Det var rundt om 70-80 personar på festen.

Besøksteneste

- Organisert besøksteneste: Den norske kyrkja har gått saman med Frivillighetssentralen i Time om å starta ei meir organisert form for besøksteneste. Besøkstenesta skal ha ein tydeleg diakonal profil. Det er etablert ei styringsgruppe for besøkstenesta. Denne består av diakon, leiar av Frivillighetssentralen, Målfrid Digernes som er Time kyrkjelyd sin representant i dette arbeidet, samt Jan Rosland frå Bryne kyrkjelyd, Mary Morken og



Wenche Paulsen frå Frivillighetssentralen. Styringsgruppa har utarbeida ein modell for besøksteneste som blir brukt både i Frivillighetssentralen og i Den norske kyrkja i Time. Det blir lagt vekt på god oppfølging både av besøkjaren og den som mottok besøk.

- Meir enn ord 08: Styringsgruppa arrangerte ein inspirasjonskveld om besøksteneste 13. november på Frelsesarmeen. Det blei ein inspirerende kveld for mange, sjølv om det var litt problem med lyden. Hans Johnny og Anne Karin Nielsen frå Frelsesarmeen var med, samt Arvid Edland, Arvid Salte og Sverre Vestvik som spelte og song. Det var god mat og fleire andre innslag. Ca 50 personar kom.

Samlivsarbeid:

- Samlivskursa "To på samme kurs (kurs 1)" og "Et annerledes språkkurs (kurs 2)" er eit tilbod som vi har saman med Bryne og Undheim kyrkjelyd. Vi har i år hatt to kurs over fem kveldar med til saman 16 deltakarar. Begge kursa var kurs nr. ein.
- Frivillige medhjelparar i samlivsarbeidet er Liv Heidrun og Trond Heskestad, Ingjerd og Willy Finnbakk, Tordis og Steinar Sandvik, Kristine og Herleiv Braut. Gunnar Frøyland er soknerådsrepresentant.

Arbeid for menneske med utviklingshemming

- "Sundagstreff": Ein søndag i månaden er det samling med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming i Bryne kyrkje. Kl 18.00 er det ringleik, allsong og mat i peisestova. Kl 19.00 er det gudsteneste i kyrkjesalen. Mellom 15 og 25 personar er til stades på kvar samling. Frivillige medhjelparar i dette arbeidet er: Anne Kristine og Hilmar Røthing, Trond Toft Eriksen, Torunn Undheim og Solveig Vatland. Vi har i år hatt 8 sundagstreff, samt ei sommaravslutning med grilling.

Arbeid for menneske med fleirkulturell bakgrunn

- Kristent Interkulturelt arbeid, Kia-Bryne: Kia-Bryne arrangerte to storsamlingar, fire temakveldar, samt ei rekkje med komitémøte. I tillegg har Kia-Bryne starta ei turgruppe for kvinner. Kia-Bryne sitt mål er å skapa eit fleirkulturelt fellesskap i kyrkjelyden der norske og nye norske kan verta kjende. Komitémøtene fungerer også som møtepunkt der menneske med ulik kulturell bakgrunn er med og planlegg arbeidet. Det har vore med 9 frivillige personar i Kia-Bryne komiteen dette året: Synnøve Hatle, Alemayehu Fantahun-Simma, Chiaki Kawasaki, Gorsitu Shamsudin Abdo, Liv Helga Lygren Austnaberg, Ola Undheim og Robert, PaHram og PaBoy frå Burma.
- Internasjonal fest: Laurdag 25. oktober vart det arrangert internasjonal fest i Bryne kyrkje. Mange personar med ulik kulturell bakgrunn var med og bidrog med mat, programinnslag og praktiske oppgåver. Det var ca 130 deltakarar på festen.

Innsamlingsaksjon

- Fasteaksjonen, 11. mars: Årets tema var "Frå draum til verkelegheit". Konfirmantar går med bøsser, og konfirmantforeldre er med og kjører der det er for langt å gå. Brynhild Stokka Andersen, Ingjerd Finnbakk og Trond Heskestad er med som frivillige medhjelparar på Hognestad, Vestly og Lye. Resultata blei: Hognestad/Vestly, kr. 15986 og Lye, kr 16718,5

Kriseteam

- Kriseteam: Diakonen sit i eit tverrfagleg kriseteam for Time kommune. Det har ikkje vore møte eller utkallingar med kriseteamet i år.

Marit Høie Hetland
Diakon/Sekretær

Brynhild Stokka Andersen
Formann i Time Diakoniutval

Postadresse Parkvn. 2
Postboks 373 4340 Bryne
4349 Bryne

Telefon: 51 77 03 77
Telefaks: 51 77 03 60

Kontortider kyrkjekontoret
Måndag - fredag 09.00 – 14.00
e-post: diakon@time-kyrkja.no